



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for plan og næring

**Møtedato:** 27.05.2014

---

**Sak nr.:** 14/518-4

**Internt l.nr.:** 16828/14

**Sak:** 43/14

**Tittel:** Regionale utviklingsmidlar 2014 - Fordeling 2

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane Turlag får avslag på søknad om tilskot til landsmøte DNT.
- 2 Gulen kommune får 150 000 kr til forstudie for bygdeutvikling for Dalsøyra.
- 3 Lærdal kommune får 150 000 kr til arkitektonisk samordning i Lærdal.

Fylkesdirektøren ser at tidsaspektet er viktig i denne saka og har respekt for at attreisinga kjem i gang så raskt.

Fylkeskommunen er open for å hjelpe kommunen med meir støtte til dette prosjektet etter nærmare avtale med kommunen.

Fylkeskommunen vil oppmode dei involverte statlege fagorgana til fagleg og økonomisk støtte i det vidare arbeidet med attreisinga.

- 4 Flora kommune på vegner av SIS-kommunane får 75 000 kr til forprosjektet Bu i Sunnfjord.
- 5 Naustdal kommune får avslag på søknad om tilskot til marknadsføring og infrastruktur for lokalsamfunnet.
- 6 Midlane vert dekt med disponible midlar på tenesteområde 4005 - til disposisjon for hovudutvalet for plan og næring.
- 7 Fylkesdirektøren for plan og samfunn får fullmakt til å setje nærare vilkår gjennom egne tilskotsbrev.
- 8 Samarbeidsrådet for landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane får avslag på søknad til Grøn FoU Vest.
- 9 Programstyret for frukt og grønt får tilskot på kr. 100 000 for 2014.
- 10 Njøs Næringsutvikling får kr 150 000 til «Basisprosjekt - utvikling av nye frukt og bærsortar» for 2014.

- 11 Kystskogbruket får kr 140 000 til rullering av melding.
- 12 Prosjekt kommunal næringsutvikling vert forlenga med eit halvt år, til sommaren 2015. Det vert sett av kr 400 000 til arbeidet.
- 13 Tilskotet til Programstyret for frukt og grønt vert dekkja med avsette midlar til landbruk, tenesteområde 7002. Tilskotet til Njøs Næringsutvikling og Kystskogbruket vert å dekke med midlar på tenesteområde 4005 - til disposisjon for hovudutvalet for plan og næring. Midlane til prosjekt kommunal næringsutvikling vert dekkja med restmidlar frå tidlegare år.
- 14 Fylkesdirektøren for næring får fullmakt til å setje nærare vilkår gjennom eigne tilskotsbrev.